



Uskedalen som ei sentral bygd for naturbasert turisme

I Uskedalen ligg alt vel til rette for naturbasert turisme der landskapet og fjella er den viktigaste ressursen. Trendar i Europa syner at mange etterspør opplevingar med kvalitet frå lokale småskalaverksemdar. Karen Løvfall Våge er reiselivskoordinator i Kvinnherad. Ho synte flotte bilete frå Uskedalen og hadde framlegg til konkrete tiltak.

Uskedalen har det meste, men tiltaka må samordnast og nokon må våga å satsa. Det vert løyvd midlar til planlegging og utprøving. Kva med aktivitetscamp på Fjellandsbø, kajakkurar til Skorpo med tur på Skorpefjellet, auresafari i Uskedalselva, rideturar, toppturar, guida turar og ikkje minst fototurar. Uskedalen som ei sentral hjortebygd er ikkje nytta fullt ut.

Her er mykje å henta. Uskedalen Aktiv kan vera organisasjonen som tek ansvaret for profilering og samordning.

Det var ein god og lærerik kveld, men berre eit fåtal av dei som driv i bransjen møtte fram.



Naturen og klatring er ein viktig ressurs i Uskedalen

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland